



## Tilleggsinnkalling Kommunestyret

**Møtedato:** 17.03.2016  
**Møtested:** Kantina - Kommunehuset  
**Møtetid:** 17:00

Forfall skal meldast til Servicekontoret t. 56162000/post@austrheim.kommune.no  
Varamedlem møter berre etter nærare innkalling

### Saksliste

| Saknr  | Tittel   |
|--------|--|
| 025/16 | 16- og 17-åringane, skal dei ha røysterett ved den rådgjevande folkerøysting om kommunestrukturspørsmålet? |

Dato 14.03.2016

Per Lerøy  
ordfører

Jan Olav Osen  
rådmann

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg        | Type | Dato       |
|--------|---------------|------|------------|
| 025/16 | Kommunestyret | PS   | 17.03.2016 |

| Saksbehandler | Arkiv    | ArkivsakID |
|---------------|----------|------------|
| Olav Mongstad | FE - 016 | 16/243     |

## 16- og 17-åringane, skal dei ha røyserett ved den rådgjevande folkerøysting om kommunestrukturspørsmålet?

### Framlegg til vedtak:

Rådmannen legg fram saka utan tilråding om 16- og 17-åringane skal ha røyserett ved den rådgjevande folkerøystinga.

#### Framlegg 1.

Ved den rådgjevande røystinga vert 16- og 17-åringar gitt røyserett slik at dei som er fødde i åra 1999 og 2000 har røyserett og.

#### Framlegg 2

Ved den rådgjevande røystinga har dei røyserett som er fødd i 1998 og tidlegare.

### Saksopplysninger:

På initiativ frå Regionrådet og ordføraren er rådmannen beden om å utgreia om 16- og 17-åringar skal ha røyserett ved den rådgjevande folkerøystinga.

Både ved kommunestyrevalet i 2011 og i 2015, vart det gjennomført forsøk i kommunar med at 16- og 17-åringane fekk røyse.

#### Argument for å gi dei røyserett.

Eit hovudargument er ei utviding av demokratiet til ei ny gruppe. Når vi ser på korleis røyseretten har blitt utvida i landet, ser vi fleire utvidingar.

1814 25 år. Stemmerett til embetsmenn, byborgere og bønder

1898 25 år. Allmenn stemmerett for menn innføres.

1910 25 år. Kvinner får stemme ved kommunevalg.

1913 25 år. Allmenn stemmerett for kvinner.

1919 25 år. Også fattige får stemme.

1920 23 år.

1946 21 år.

1967 20 år innen valgdagen.

1972 20 år i løpet av valgåret.

1978 18 år.

1983 18 år . Innvandrere som har oppholdt seg i Norge i tre år kan stemme ved kommunevalg uten å være statsborgere.

Stian Seland, leiar i Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU) seier dette om stemmerett for 16- åringar.

«Opp gjennom historien har vi endret demokratiet mange gonger, i takt med at samfunnet har endret seg. Dagens 16-åringar har alle forutsetninger for å delta. De har fullført obligatorisk skolegang, de er gamle nok til å betale skatt og de kan bli fengslet dersom de bryter loven.»

#### Argument mot å gi dei røysterett

Eit argument som vert nytta ofte, er at 16- og 17- åringane ikkje er modne nok til å stemma. Det er vanskeleg å setje ei fast grense for når ein person er moden nok, det kan i så fall bli nokså individuelt. I praksis har ein nytta argumentet om at røystealder bør vera den same som myndighetsalder. Viss ein argumenterer med at dersom ein skal ha røysterett ved 16 år, bør og myndighetsalder vera 16 år. Det er fleire som meiner at ein 16-åring ikkje er vaksen nok til å handsama alle pliktene som vaksen.

#### Argument for å gi røysterett

Eit sterkt argument er at ved å senka alderen til 16 år, får ein inkludert meir aktive veljarar i demokratiet. I dei 20 forsøkskommunane ved valet i 2011, stemte 58 % av 16- og 17-åringane, den prosenten var 11 % høgare enn deltakinga frå førstegangseljarane over 18 år. Det viser seg likevel at denne effekten ikkje var varig. Forsøksveljarane frå 2011 hadde ikkje høgare valdeltaking ved stortingsvalet i 2013 enn sine jamaldringar som ikkje var med i forsøket.

#### Argument mot. Kan ikkje sjølv stilla til val.

Aldersgrensa er 18 år for å stilla på ei liste til kommunestyrevalet. Eit argument mot er dermed samanhengen mellom røysterett og det å vera valbar sjølv. For enkelte er det dermed eit syn at skal ein sitja i eit kommunestyre som ikkje myndig 16-åring og ta avgjerd på vegne av mange, må ein vera i stand til å ta ansvar for seg sjølv. Det er ein altså formelt ikkje før ein er 18 år og myndig.

### Argument for. Fleire land i Europa har røysterett for 16-åringar.

Austerrike er einaste landet som har allmenn røysterett for 16-åringar. Fleire land har innført røysterett for 16-åringar ved lokalval, eller gir rett til 16-åringar som er i arbeid å stemma. Då skottane røysta over eige sjølvstende frå Storbritannia i 2014, fekk og 16-åringane delta. 80 % av dei skotske 16- og 17-åringane deltok i valet.

### Argument for. Rådgjevande lokal folkerøysting

Austrheim sine innbyggjarar skal sei si meining om korleis den framtidige kommunestrukturen skal sjå ut. I 1960 vart det bestemt korleis grensene for norske kommunar skulle gå. Den organiseringa har stort sett stått i 50 år. På same viset kan ein sei at dagens innbyggjarar skal sei si meining om korleis grensene for Austrheim skal vera i nye 50 år. Med eit slikt perspektiv kan det vera eit argument å gi dagens unge 16- og 17-åringar røysterett i denne saka.

### **Konklusjon**

Rådmannen legg fram saka utan tilråding om 16- og 17-åringane skal ha røysterett ved den rådgjevande folkestemmniga.

Framlegg 1.

Ved den rådgjevande røystinga vert 16- og 17-åringar gitt røysterett slik at dei som er fødde i åra 1999 og 2000 har røysterett og.

Framlegg 2

Ved den rådgjevande røystinga har dei røysterett som er fødd i 1998 og tidlegare.